



Hå kommune

Etat for tekniske saker og næring

Det kongelige Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007, Dep

0030 OSLO

Dykker ref.

Vår ref.
09/26377 OMT

Arkivkode

Dato
05.01.2010

Melding om vedtak - Høyring - Innføring av verneheimel i jordlova

Følgjande vedtak er fatta i saka (FS-132/09) 22.12.2009:

Formannskapet i Hå kommune går mot lovfesta områdevern av dyrka jord, fordi:

- Det er mogleg å gjennomføre eit sterkt jordvern med dagens regelverk.
- Lovfesta områdevern vil redusere det kommunale sjølvstyret.
- Lovfesta områdevern vil føre til at bøndene får mindre råderett over si eiga jord.

Med helsing

Olav Magne Tonstad
Jordbruksjef

Vedlegg:

- 1 Saksframlegg - verneheimel i jordlova

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur.



Saksnummer	Utval	Vedtaksdato
197/09	Utval for tekniske saker og næring	15.12.2009
132/09	Formannskapet	22.12.2009

Saksbehandlar: Olav Magne Tonstad
Sak - journalpost: 09/4320 - 09/24324

Innføring av verneheimel i jordlova

Rådmannen si innstilling:

Formannskapet i Hå kommune går mot lovfesta områdevern av dyrka jord, fordi:

- Det er mogleg å gjennomføre eit sterkt jordvern med dagens regelverk.
- Lovfesta områdevern vil redusere det kommunale sjølvstyret.
- Lovfesta områdevern vil føre til at bøndene får mindre råderett over si eiga jord.

Bakgrunn for saka:

Landbruks- og matdepartementet har 14. september 2009 sendt ei sak om *"forslag til vernehjemmel i jordloven"* ut på høyring. Høyringsfristen er 10. januar 2010. Regjeringa ynskjer eit strengare vern av dyrka jord fordi dyrka jord er ein ikkje-fornybar ressurs som er nødvendig for at framtidige generasjonar skal ha moglegheit til å produsere mat på eiga jord. Regjeringa har som mål å *"halvere den årlige omdisponeringa av de mest verdifulle jordressursene innen 2010"*. Regjeringa ynskjer sterke verkemiddel for å ta vare på jordbruksareal enn det ein i dag har i plan- og bygningslova og jordlova.

Konklusjon

Rådmannen er for eit sterkt jordvern og at dyrka og dyrkbar jord skal takast vare på for komande generasjonar, men departementet sin strategi er feil. Gjennom fylkes- og kommuneplanlegginga etter plan- og bygningslova er det lagt opp til breie og demokratiske prosessar for å vege dei mange nasjonale målsettingar opp mot ein annan i lokalt perspektiv. Statlege landbruksstyresmakter er, gjennom høve til å fremje motsegn til forslag, sikra ein sterkt påverknad på kva løysingar som kan veljast lokalt. Forslaget om verneheimel i jordlova fokuserer for mykje på forvaltningsmessige grep til føremon for ei av mange sektorinteresser med meir makt til fylkesmannen, SLF og eit sektordepartement. Rådmannen er usamd i regjeringa sin verkemiddelbruk og er negativ til lovfesta områdevern.

Heile poenget med det lokale sjølvstyret er å sjå saker i samanheng. Rådmannen har merka seg at regjeringa har sett i verk tiltak for å fremje interesser for lokal utvikling (for eksempel tiltak for kvinner, born og eldre), medan den same staten drep interessa for deltaking med å ta i frå lokale- og regionale politikarar ansvaret. Oppgåva for kommunen som organisasjon må vere å vurdere ulike samfunnsinteresser opp mot ein annan. Det gjer det politiske arbeidet interessant, og ein kjem fram til løysingar som ulike partar kan samle seg om. Departementet sitt framlegg til verneheimel i jordlova er eit uttrykk for den fragmenterte staten, og eit uttrykk for manglande respekt for lokalpolitisk styring og bøndene si evne til driva garden på ein forsvarleg måte i eit langsiktig perspektiv.

Orientering om saka

Statens landbruksforvaltning sitt forslag

Landbruks- og matdepartementet har gitt Statens landbruksforvaltning (SLF) i oppdrag å utarbeide ein heimel i jordlova for lovfesta områdevern. SLF konkluderer med at "Områder vernet etter naturvernloven har sterkere vern mot nedbygging enn dyrka jord har. Til tross for klare nasjonale målsettinger om å bevare matjord og til tross for mulighetene i eksisterende virkemidler i lovverket til å gjennomføre denne politikken, er den registrerte omdisponeringen av dyrka jord høyere enn målsettingen. En hjemmel for vern av dyrka jord som hindrer nedbygging vil sikre at de mest verdifulle og mest utsatte matproduksjonsområdene i Norge kan bevares og drives nå og i framtiden."

SLF har i sin rapport kome med framlegg om at nye bestemmingar om lovfesta områdevern vert tekne inn i jordlova, og har vidare kome med følgjande framlegg til endringar:

- "at Kongen i ny § 8b får myndighet til å gi verdifulle jordressurser varig vern som *jordvernområder*. Dette innebærer at jordbruksdriften i jordvernområdet i hovedsak fortsetter som før
- at adgangen til å omdisponere og fradele dyrka jord på eiendommer i jordvernområder blir innskrenket, jf forslag til ny § 8c. Det er foreslått endrede kriterier for dispensasjon (samtidig søknadsplikt også for omdisponering av dyrka jord til bl.a. driftsbygninger og gårds- og driftsveger)
- at myndigheten til å gi samtykke til omdisponering og deling i jordvernområdene plasseres hos Fylkesmannen. Statens landbruksforvaltning blir klagemyndighet
- at vernet skal gjelde verdifull dyrka jord. Arealenes kvalitet og egnethet i matproduksjonen, særlig for matkorn, vil være et vesentlig kriterium, men også arealer til førproduksjon kan være aktuelle
- at arealene bør være av en viss størrelse og mest mulig sammenhengende
- at det settes i gang en prosess for å vurdere aktuelle jordvernområder i alle deler av landet når loven er trådt i kraft
- at ver neprosesser deretter kan igangsettes for enkeltstående områder
- at Fylkesmannen fremmer forslag overfor SLF som deretter vurderer og avgjør hvilke konkrete områder som skal utredes for vern
- at det legges til rette for gode merdvirkningsprosesser slik at grunneiere, planmyndigheter og andre får anledning til å uttale seg
- at de strengere bestemmelsene skal gjelde fra det tidspunkt SLF har fattet vedtak om oppstart av ver neprosess."

SLF går inn for at vedtak om oppstart av ver neprosess ikkje bør kunne pålagast. SLF legg til grunn at bøndene i utgangspunktet ikkje skal få erstatning for jordbruksareal som vert verna. SLF grunngir dette med at grunneigaren si rådvelde over dyrka og dyrkbar jord alt i dag er avgrensa gjennom dei eksisterande bestemmingane i jordlova, og syner til det generelle forbodet mot omdisponering og frådeling av jordbruksareal. Innføring av ein heimel for vern av jord vil føra til ei innskjerping av gjeldande reglar, men representerer ikkje ei ny form for avgrensing av eigarrådvelde. SLF meiner på bakgrunn av dette at lovfesta områdevern etter jordlova er ei råvdelderegulering som i utgangspunktet må tålast utan erstatning. Erstatning skal bere kunne gjevest i heilt spesielle høve.

Departementet sine merknader

Landbruks- og matdepartementet har kome med utfyllande merknader til nokre punkt, og ber om høyringsinstansane sitt syn på desse punkta:

1. Kva slags areal skal kunne vernast

Departementet vil ikkje verne all dyrka jord, og kjem med framlegg om at heimelen til jordvern skal gjelde **verdifull dyrka jord**. Ved vurdering av vern skal det leggjast vekt på:

1. areala sin kvalitet til mat- eller førproduksjon
2. om areala har eller kan få nasjonal eller regional betydning for matproduksjon
3. om areala er av ein viss storleik og om dei er samanhengande
4. om areala ligg i eit område der det er eller kan ventast å bli utbyggingspress

2. Avveging mot andre samfunnsinteresser

Departementet kjem med forslag om at det skal vere ei saksbehandlingsregel i jordlova der verneinteressene skal vegast opp mot andre samfunnsinteresser, så som behovet for verdiskaping, ei effektiv areal- og ressursforvaltning og bevaring av mangfaldet i naturen. Resultatet av ei slik avveging kan ende opp med at ein lyt akseptere visse samfunnsmessige kostnader for å kunne gje verdifull dyrka matjord eit særleg vern.

3. Tilhøvet til eksisterande løyve til tiltak og vedtekne arealplanar

Vedtak om vern av dyrka jord tek sikte på å halda opp eller trygge jordbruksproduksjon, og vil derfor i utgangspunktet ikkje få betydning for "Igangværende bruk". Vedtaket om vern vil imidlertid kunne få betydning for grunneigarar eller "rettighetshavere" som har planlagt ei anna framtidig utnytting av areala enn jordbruksproduksjon, men der ny bruk av areala ikkje har starta når vedtaket om vern vert fatta. Departementet meiner at det er behov for ein regel som regulerer desse situasjonane, og kjem med tre ulike forslag om at vedtak om lovfesta områdevern ikkje får innverknad for:

1. tiltak der det alt er gitt samtykke til omdisponering etter §9 i jordlova
2. tiltak som krev løyve frå det offentlege eller anna lovverk, og slikt løyve er gitt
3. tiltak som ikkje krev samtykke etter §9, som omdisponering av dyrka jord til driftsbygning og våningshus, dersom tiltaket fysisk er sett i gong når vernevedtaket blir gjort.

4. Verknaden av vernevedtaket - dispensasjon

Departementet går inn for at det skal krevjast ein særskilt heimel (bestemming i jordlova) for å dispensere frå vernevedtaket. Forbodet mot omdisponering skal gjelde i alle tilfelle der jorda vert nytta som vekstmedium for planteproduksjon eller hagebruk.

Vilkåra for å gje løyve til omdisponering av jordbruksareal må vere strengare enn etter § 9 i jordlova. Departementet kjem med framlegg om at det kan gjevast dispensasjon frå vernebestemmingane dersom tiltaket ikkje stirr mot føremålet til vernevedtaket, og har lite å seie for verneverdiane i jordvernområdet, eller dersom omsynet til tryggleik eller "samfunnsinteresser av særleg stor vekt" talar for det. Departementet legg til grunn at mellom anna vil utbyggingar i verneområda, som Stortinget har gått inn for, normalt kunne få dispensasjon etter denne bestemminga. Dei nye reglane vil føre til ei klar innstramming av dispensasjonsvilkåra. Føremålet er å sikre at vernevedtaket ikkje vert uthola gjennom omfattande dispensasjonar.

5. Prosess

Departementet går inn for breie og grundige ver neprosessar, der staten sjølv skal ha regien. Fylkesmannen på regionalt nivå og SLF på sentralt nivå vil gjennomføre ver neprosessen. Fylkesmannen vil ha hovudansvaret for å velje ut og vurdere aktuelle område for vern. Arbeidet skal utførast i samarbeid med der dei ulike partane som får høve til å uttale seg. Det vil seie både grunneigarar, organisasjonar lokale og regionale styresmakter.

6. Tiltak ved mellombels vernevedtak, men før endeleg vernevedtak er fatta

SLF går inn for at det skal fattast eit eige vedtak om utgreiing av vern før sjølve vernevedtaket (forskrifta) vert fatta. Bakgrunnen for dette forslaget er å unngå omdisponering medan verneprosessen pågår. Departementet er i tvil om det er hensiktsmessig at kunngjering av påtenkt verneforslag utan vidare skal ha slik rettsverknad.

Rådmannen sine merknader til forslag om lovfestning av områdevern

Rådmannen er for eit sterkt jordvern og at dyrka og dyrkbar jord skal takast vare på for komande generasjonar. I Hå kommune har nedbygging av dyrka jord blitt kompensert med areal som er blitt oppdyrka. Samstundes har kommunen fylgd regjeringa sitt mål om å redusera avgangen av dyrka jord innan 2010.

Gjennom kommuneplanlegginga har kommunen i mange år lagt opp til ei restriktiv line med omsyn til spreidd utbygging i LNF-områda. Rådmannen vil minne om at det i løpet av dei siste åra innanfor kjerneområde landbruk ikkje er gitt løyve til oppføring av bygningar i Hå utan tilknyting til landbruksdrifta. Etter at Fylkesdelplan for langsiktig byutvikling på Jæren vart vedteken i 2000 er det blitt gjennomført eit systematisk arbeid for å konkretisere langsiktige grenser mellom utbyggingsareal og LNF-områda. Gjennom fylkesdelplanen vert det for Jæren gjort ei samla vurdering av ulike interesser som jordvern, utbygging, friluftsliv, transport, etc. Planen er godkjent av Kongen i Statsråd og skal vere retningsgjevande for statleg, fylkeskommunal og kommunal planlegging. Rådmannen meiner denne planen er eit døme på korleis ein bør gå fram for å verne større og samanhengande område med svært verdifulle jordressursar. I ein slik prosess vil både lokale, regionale og statlege interesser vere aktørar. Å utvikle velfungerande tettstader og næringsområde er ein langsiktig prosess som mellom anna inneber investeringsbeslutningar av langsiktig karakter. For å sikre samfunnsmessig gode løysingar er det nødvendig med ein brei prosess etter plan- og bygningslova.

Forslaget om verneheimel i jordlova fokuserer for mykje på forvaltningsmessige grep med meir makt til fylkesmannen og nasjonale styresmakter. Forslaget vitnar om ei sterkt tru på statleg styring. Forvaltningsmessige grep vil ikkje løyse alle utfordringane på jordvernfronten. Rådmannen er usamd i regjeringa sin verkemiddelbruk, og er negativ til lovfestning av områdevern. Rådmannen vil grunngje dette nærmare:

1. Det er mogleg å gjennomføre eit sterkt jordvern med dagens regelverk

Klare nasjonale mål kombinert med lokal styring vil kunne gje eit effektivt jordvern utan at ein treng lovfestning av områdevern. Sidan 2000 har Fylkesdelplanen for langsiktig byutvikling på Jæren vore retningsgjevande for arealbruken i området. Det er samansette mål som skal oppfyllast med omsyn til tettstadutvikling. Å få til ei berekraftig utvikling krev tiltak innanfor energibruk, kollektivtrafikk, trafikktryggingstiltak, tilrettelegging for redusert bilbruk, etc. Dei ulike behova må i nokre høve vegast opp mot mellom anna jordvernomsyn. Det er trekt "bygrenser" for tettstadane, og dei siste åra har det vore ei utstrakt foretting i bustadområda i høve til tidlegare. Utbygging i tettstadane i kommunen skjer i dag i alt vesentleg i form av konsentrerte buformer, det vil seie rekkehus og bustadblokker. Den sterke fortettinga som nå blir gjennomført vil redusere behovet for bruk av jordbruksareal i framtida.

Statlege og regionale styresmakter har tilstrekkeleg med verkemiddel til å gjennomføre eit effektivt vern gjennom å fremje motsegn og ved å påklage disposisjonsvedtak. Fylkesmannen er sterkt involvert i kommunale prosessar i samband med utarbeiding av kommuneplanar, reguleringsplanar og søknader om dispensasjon frå LNF-føremålet. Verkemiddelapparatet er blitt utvida i samband med innføring av ny plan- og bygningslov. SLF fekk i 2006 heimel til å kome med motsegn til reguleringsplanar og arealdelen i kommuneplanen (såkalla "innsigelsessaker"). Sidan den tid har SLF behandla i alt 60 saker på landsbasis og kome med motsegn i 43 saker. Til no er 4.700 dekar (for det meste kornjord) ikkje blitt nedbygt som ei følgje av denne ordninga.

2. Lovfesta områdevern reduserer det kommunale sjølvstyret

Regjeringa si Soria Moria-erklæring har som mål å styrke lokaldemokratiet. Dei nye reglane om lovfesta områdevern vil redusere det kommunale sjølvstyret på viktige område.

Fylkesmannen og SLF vil ta over styringa, der kommunane i dag har avgjerdsmynde.

Etablering av Lovfesta områdevern vil føre til store utfordringar for Kommune-Noreg. Det vil vere viktig å oppretthalde det lokale folkestyret. Statleg overstyring av kommunane vil alltid vere problematisk. Enten så trur vi på lokaldemokratiet, eller så gjer vi det ikkje. Rådmannen har med uro merka seg den sterke sentraliseringssiveren som regjeringa står for. Kombinert med meir statsbyråkrati og tungvinte statlege handsamingssystem øydelegg ein levande lokalsamfunn.

3. Bøndene får mindre råderett over si eiga jord

Statens landbruksforvaltning skriv at jordbruksdrifta i jordvernområda i hovudsak kan halda fram som før. Gjennom vernet skal ein sikre moglegerheit for jordbruksdrift i framtida. Dette fordi jordvernområda vert verna mot nedbygging til andre føremål.

Samstundes blir det understreka at "*Adgangen til å omdisponere og fradele dyrka jord i jordvernområdene innskrenkes.*" Departementet skriv at vilkåra for å gje løyve til omdisponering av jordbruksareal må vere strengare enn etter § 9 i jordlova. Departementet går også inn for at i jordvernområda skal bygging av bustadhus, driftsbygningar, og jordbruksavegar mm. vere søknadspliktig. Dette betyr at bøndene vil få redusert rådvelde over den dyrka jorda, og det vil verha vanskeleg å få dispensasjon frå vernebestemmingane. Fleire saken er før vil verha søknadspliktige etter § 9 i jordlova, og det vil verha Fylkesmannen som skal avgjere slike saker. Eksempel på slike saker vil vere:

- Bygging av hus nr. 2. Det er grunn til å forvente at det vil verha ei strengare behovsprøving av bustadhus på gardane, i tillegg til at det vert meir fokus på plassering av bustadhusa.
- Bygging av driftsbygningar, siloar, gjødselkummar. Departementet skriv at det vil vere høve til å bygge vanlege driftsbygningar. Styresmaktene si oppgåve vil først og fremst vere å vurdere plassering av driftsbygningen for å minimere nedbygging av dyrka jord.
- Bygging av jordbruksvegar. SLF skriv at slike vegar i størst mogleg grad bør unngåast bygt slik at dyrka jord i jordvernområda vert berørt. Ein vil få ei strengare behovsprøving av slike søknader, samstundes som styresmaktene vil vurdere trasèn for vegen.

Truleg vil det også verha vanskelegare å få dispensasjon til å etablere tilleggsnæringer i jordverneområda, som til dømes å omdisponere ein bygning til andre føremål enn landbruk. Likeeins kjem SLF med framlegg om at det skal verha ei strengare behandling av søknader om frådeling.

Rådmannen fryktar at område med lovfesta områdevern vil få tilsvarande status som naturreservat og landskapsvernombordet har i dag. I kommunen er Jærstrendene landskapsvernombordet, Synesvarden landskapsvernområdet og ulike naturreservat verna. I andre delar av landet har ein nasjonalparkar, verna skogområdet, område med rovdyrvern, etc. Fylkesmannen og Direktoratet for naturforvaltning er vernestyresmakter og har forvaltaransvaret. Søknader om inngrep i verneområda vert i dag sendt til fylkesmannen, og det er generelt vanskeleg å få dispensasjon frå vernebestemmingane.

Det er også mange eksempel på konfliktar mellom grunneigarar og verneinteresser både med omsyn til drift av dei verna areala og gjennomføring av inngrep i verneområda. Likeeins er det døme på at bønder og grunneigarar vert melde til politiet og får bøter for inngrep som er utført i vernesona. Nyleg var det ei sak i Hå der to bønder frå Nærland vart dømde for å ha

bygt jordvollar på deira eigne eigedomar som ligg i landskapsvernombrådet. Ein vil få tilsvarende konfliktar i dei framtidige områda med lovfesta jordvern.

4. Sterkare press på jord som ikkje skal vernast

Innføring av lovfesta områdevern vil truleg legge eit sterkt press på jordbruksareal som ikkje vert verna, slik at ein vil få ein meir liberal verkemidelbruk i desse områda. Vi vil få A- og B-jord, med A- og B-reglar.

5. Lovfesta områdevern kan hemme ei vidare utvikling av det lokale jordbruket

Innføring av søknadsplikt for inngrep og gjennomføring av tiltak som i dag ikkje er søknadspliktige, kan hemme ei naturleg utvikling av drifta på garden og i området. Etter som statlege organ no skal avgjere slike søknader vil ein oppleve situasjonar der lokale interesser vil tape. Dette kan svekke aktive jordbruksmiljø. Dersom ein bonde får avslag på eit tiltak i eit områda med lovfesta jordvern, kan dette føre til at tiltaket vert realisert utanfor verneområdet, eller at tiltaket ikkje vert gjennomført. Innføring av søknadsplikt for bygging av driftsbygningar, bustadhus etc, vil truleg også føre til at bøndene vil verta endå meir tilbakehaldne med å rive eldre bygningar, i frykt for at dei ikkje får bygge nye bygningar seinare.

6. Auka byråkrati og lenger saksbehandlingstid

Opprettig av lovfesta områdevern vil føre til unødvendig og tungrodd system med meir omstendelege avgjerdss prosessar. Dette vil i neste omgang føre til mykje lenger saksbehandlingstid. Dette vil gjelde både søknader om omdisponering og søknader om ulike inngrep i dei verna områda. Søknadane skal først behandlast av kommunen, som skal gje ei tilråding, før sakene vert sendt til Fylkesmannen for vidare behandling. Det er lite realistisk av regjeringa å tru at "forslagene ikke vil føre til økt ressursbruk for offentlige myndigheter".

7. Konfliktar mellom verneinteresser og utbyggingsinteresser

Landskapsparkar, naturreservat, områder for skogvern, nasjonalparkar ligg for det meste i område utan busetnad, vegsamband, industri etc. Medan jordvernombråda vil bli etablert i og nær byar og tettstader der utbyggingspresset er størst. Konfliktar mellom verneinteresser og utbyggingsinteresser vil vere uunngåeleg. Verneprosessane for jordvernombråda vil derfor truleg bli like konfliktfylte som prosessane for landskapsvernombråda. Rådmannen fryktar at dispensasjonsbehandlinga vert rigid, der verneinteressene vil sigra over andre viktige behov. Det vil også verta vanskeleg å reversere ein jordvernprosess. Det vil seie å oppheve vern av eit område dersom samfunnsinteresser talar for det. Arealbruken vil med lovfesta områdevern verta låst, og fylkesmannen har nøkkelen i si lomme.

Andre merknader

Rådmannen meiner at saka om innføring av verneheimel i jordlova ikkje er tilstrekkeleg utgreidd. Rådmannen saknar ei grundigare drøfting av fleire spørsmål, så som:

- Omfanget av vern**

Det er utarbeidd reglar for vern; kva slags jord som skal vernast, etc. Men regjeringa opplyser ikkje ein gong kor mange dekar det er nødvendig å verne ut frå føremålet om å sikre nasjonal matvareproduksjon, eller kva for delar av landet det er særleg aktuelt å verna for å oppnå dette målet. Kva blir omfanget av vernet?

- Jordbruksproduksjon**

Omgrepet "jordbruksproduksjon" har ei anna tyding i verneområda enn utanfor verneområda. Innanfor verneområda vert "*Oppføringer av bygning som er knytta til drifta av eigedomen, bygging av driftsvegar og gardsvegar*" ikkje rekna som jordbruksproduksjon. Slike tiltak vil derfor vere søknadspliktige etter § 9 i jordlova. Utanfor verneområda vil slike tiltak verta rekna for jordbruksproduksjon, og tiltaka vil ikkje vere søknadspliktige etter §9 i jordlova. Ein naturleg konsekvens av eit vern vert at ulike tiltak innanfor verneområda vil vere søknadspliktige, medan tiltaka ikkje vil vere det

utanfor. Men søknadsplikta bør ikkje knytast opp mot definisjonen av omgrepet ”jordbruksproduksjon”. Ein driftsbygning skal nødvendigvis nyttast til jordbruksproduksjon enten den ligg innanfor eller utanfor eit jordvernområde.

- **Frådeling.**

SLF har kome med framlegg om at det kan gjevast samtykke til frådeling dersom ”nasjonale omsyn eller omsyn til jordrasjonalisering” talar for det. Departementet skriv at nedbygging av dyrka jord ikkje skjer ved deling, men ved omdisponering. Departementet meiner derfor at det ikkje er behov for ein regel om frådeling i jordvernområde, og gjer framlegg om at slike saker vert behandla på vanleg måte etter jordlova.

Etter rådmannen si vurdering vil frådeling i jordvernområda også kunne påverke arealbruken i desse områda. Frådeling av eit areal vil i neste omgang skape forventningar om endra arealbruk og eit utgangspunkt for endra arealbruk. Det er derfor sannsynleg at delingsparagrafen vert innskjerpa i samband med innføring av jordvern. SLF har for eksempel kome med framlegg om at det i jordvernområda ikkje skal vere høve til å etablere landbruksproduksjon på frådelte tomter. Dette kan vere tomter for samdriftsfjøs eller kraftforkrevjande produksjonar.

- **Konsekvensane av spreidd utbygging i jordbruksområda er ikkje drøfta**

Departementet syner til at utbyggingspresset er særleg knyta til bustadbygging, vegbygging og næringsareal. Undersøkingar syner at over halvparten av bygging på jordbruksareal skjer som spreidd utbygging, medan om lag 40 prosent av all bygging på jordbruksareal skjer i samband med utviding av tettstader. Rådmannen saknar ei drøfting av konsekvensane av spreidd utbygging i jordbruksområda.

Vedlegg:

- 1 Horingsbrev. Bakgrunn
- 2 SLFs rapport Vernehjemmel i jordlova 150309